

NotatDato: 31.03.2017
Arkivsak: 2017/3152-1
Saksbehandlar: ingedva

Til:	Miljø og samferdselsutvalet Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Melding om fylkesadministrasjonen sitt arbeid med plan for etablering av bussjåførfasilitetar

Det vert vist til spørsmål stilt i miljø og samferdelsutvalet 1. desember 2016, frå Rasmus Laupsa Rasmussen (A): "*Viser til ulike oppslag i media, og tidlige spørsmål og diskusjon i utvalget, vedrørende de sanitære forholdene for bussjåførene i Hordaland. Hva gjøres for å bedre situasjonen?*"

Det blir og vist til vedtak i fylkesutvalet 08.12.2016:

"(Fylkesutvalet) Ber om at administrasjonen kommer tilbake med sak, så snart som mulig, om konkrete tiltak for bedring av sjåførenes sanitære forhold."

Prosessen til no

Formålet med denne meldinga er å gi ein status i arbeidet med å legge fram ei sak som fylkesutvalet ba om. Å sikre gode toalettforhold for sjåførane er viktig for fylkeskommunen som oppdragsgjevar for kollektivanbod. For å følgje opp spørsmål og vedtak i fylkesutvalet er det gjennomført koordineringsmøte mellom Skyss, samferdselsavdelinga, og eigedomsavdelinga. Skyss har starta eit arbeid med å hente inn informasjon om eksisterande sjåførfasilitetar og tilhøva kring dei. Det er mellom anna sendt ut ei oppmoding til bussoperatørane om å melde inn kva fasilitetar som finst per i dag, deira status, tilstand og driftstilhøve. Operatørane vart samstundes oppmoda om å melde inn kva framtidig behov dei såg føre seg, til dette arbeidet vart dei oppmoda om å involvere tilsette og verneombud.

Vidare arbeid

Skyss arbeider no med å systematisere informasjonen. Skyss må etter dette foreta ei vurdering av innspela for å kunne gi ei tilråding for kor det er rimeleg å etablere sjåførfasilitetar. Det må samstundes vurderast om det er stader der det er behov for å sette i verk strakstiltak. Med bakgrunn i denne tilrådinga vil eigedomsavdelinga utarbeide ein investerings og framdriftsplan for dekke behovet som har vorte avdekket.

Oppfølging av reinhald på dagens toalettfasilitetar for sjåførar

Skyss har presisert overfor bussoperatørane at det vert forventet at toalett som operatørane i dag har ansvar for (enten gjennom eie eller leige) blir ivarettatt på ein forsvarleg måte knytt til arbeidsmiljø generelt og hygieneforhold spesielt. Toalett som vert drifta av HFK er det følgt opp at gjeldande rutinar for reinhald vert følgd, og at det er tilstrekkeleg frekvens på gjennomføring av reinhaldet.

Framdrift

Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak om sjåførfasilitetar inkludert investeringsplan, framdriftsplan og mogelege strakstiltak som leggas fram for miljø og samferdselsutvalet 8. juni og fylkesutvalet 22. juni.